

Anmeldelse av *Dansk Sproghistorie 5. Dansk i samspil*

**Utgitt av Det Danske Sprog- og Litteraturselskab,
hovudredaktør Ebba Hjorth, Aarhus Universitetsforlag,
2021, 380 sider.**

HELGE SANDØY

INNLEIING

Det store danske prosjektet om *Dansk Sproghistorie 1–6* er på oppløps-sida, og våren 2022 kom nest siste bindet ut. Bindet er totalt på sirka 380 sider + nyttige oversikter i permene. Det er det minste av dei hittil utkomne binda, så verket blir samla svært omfattande. På bakgrunn av at Danmark allereie har storverket *Det danske sprogs historie 1–4* av Peter Skautrup (1944–1968), må ein kunne seie at landet er betre utrusta med faglege språkhistorier enn nabolanda. Dette verket har frigjort seg frå Skautrup ved å disponere etter tema, og ikkje minst ved å la mange forfattarar skrive. Verket er ei oppdatering ikkje berre av stoffet, men òg av perspektiv på historia. Det er ikkje ei beundrande historie om voksteren i eit stort nasjonalt språk; perspektivet nå er meir at dansk er eitt av språka i verda. Særleg dette bindet ser dansk saman med andre språk.

Tittelen på dette bindet, *Dansk i samspil*, gjer det naturleg med dei overordna innfallsvinklane «Dansk i verden» og «Andre sprog i Danmark», som dei to temadelane heiter. Temadelane er teknisk sett rekna som kapittel 18 og 19 ettersom kapittelinnndelinga rekk over alle seks binda. Den siste delen er eit globaliseringsperspektiv på Danmark, den første gjeld fotavtrykket dansk har sett i andre land. Danmark var i fleire hundreår ei stormakt, og derifrå kjem avtrykket.

Tekstane i dette bindet gjer ikkje stormaktsstatusen til noko «prangande» poeng, kan hende kan ein seie at det faktisk er underspela. I andre delen om «andre sprog i Danmark» dukkar det i bolken om fransk opp ein påstand om at den franske sentralmakta utnytta språket

strategisk både internt og eksternt. Kunne ein stilt same spørsmål om den danske sentralmakta i tida frå 1300-talet fram til vår tid?

Spørsmålet er truleg anakronistisk med tanke på middelalderen. Men ved overgangen til moderne tid blir nettopp språk tillagt kulturelle og sosiale verdiar, og dermed blir det ideologisert og politisert. Bibelen på dansk hadde neppe berre ein pedagogisk-religiøs funksjon. Funksjonen treng ikkje vere resultat av eit bevisst formål, for ideologien kan finnast utan å vere klart formulert. Underskrivne vil ikkje påstå for mykje konkret om dansk språkideologi, men han er nysgjerrig. Eg legg merke til at f.eks. Rasmus Glenthøj: *Skilsmissen* (2013) ikkje er referert nokon stad, og det viser vel at drøftingane ikkje har nærma seg slike spørsmål. Heller ikkje begrep som språkleg eller mental kolonisering er dratt inn nokon stad verken sett frå den dominerte eller frå den dominerande si side.

Generelt er den politiske rolla som språk har, for lite framme i mange bolkar, somstad rein mangelvare. Her er bolkanen ujamne. Heller ikkje legg alle forfattarane vekt på å sette stoffet inn i drøftande samanhangar, slik at tekstane kan eit par stadar minne litt om katalogar. Andre bolkar når faglege høgder og gir lesaren viktige og nye innsikter. Dei fleste bolkaner er lite strukturorienterte, som rimeleg er, for bruks- og samfunnsperspektivet er det mest sentrale når ein vil sjå på eit samspel.

Av og til saknar lesaren opplysningar om kva språkholdningar som er knytt til enkeltspråka. Dei kunne ha noko å seie for å forstå bruksmønster; men det er forståeleg om det ikkje finst konkrete opplysningar om slikt frå eldre tider. På den andre sida blir orda 'prestisje' og 'status' – som gjeld holdningar – brukt fleire gonger, men utan at dei er definert. Det er uheldig ettersom dei blir brukt som forklarande og uavhengige data i resonemanga. Som begrep er dei uklare, og ein risikerer med slik begrepsomgang å forklare alle spreingseffektar med at fenomenet har prestisje. Prestisjen blir i slike framstillingar berre 'deus ex machina'. Men dette er eit problem sosiolingvistiske tilnærmingar slit med – inn-til ein blir strengare med både definisjonar og empiri.

Nedafør skal eg presentere og kommentere innhaldet i bindet for å gi lesarane ei oppfatning av kva ein kan finne i denne kunnskapskjelda. Boka er jo ein fryd å blade i og leite i, oversiktleg og elegant som ho er i utforminga. Men det er eit sakt at det ikkje finst eit sakregister.

KAPITEL 18: DANSK I VERDEN

Kapittel 18, «Dansk i verden», er disponert etter land eller område. Dei som har vore underlagt danskekongen eller del av Danmark på eit tidspunkt, er Norge, Færøyane, Island, Grønland, «Kolonierne», Skåne og Sydslesvig, som får egne bolkar (eller nummererte underkapittel). Men inn blant desse kjem bolkar om område der danskar har slått seg ned fram gjennom historia utan at områda har vore del av det danske riket: England (her overser vi statusen under Knut den mektige), Normandie og «De nye hjem» (dvs. først og fremst Amerika). Dermed er det altså ikkje fullstendig ei statsrettsleg underinndeling av kapittelet. Dei tre siste bolkane er om EU, Norden og danskundervisning på utalandske universitet, og dei har vel det til felles at dei ikkje gjeld på same måten landområde, men heller institusjonar og organisering.

Dansk dominans

At Norge får første omtalen, er vel naturleg, for under det norske riket låg Island, Færøyane og Grønland da Kalmarunionen blei oppretta. Etter unionen var oppløyst, var Norge eine tvillingen i 'tvillingriket' eller 'felleskongedømmet'. Berit Sandnes skriv i bolk 18.1 ryddig og sakleg om korleis dansk tar over som skriftspråk meir og meir etter 1440, og ved reformasjonen (i Norge i 1537) fekk Danmark all makt også språkleg. Språkleg makt betyr her nesten total dominans. «[D]ansk er blevet det officielle skriftsprog», som Sandnes siterer etter Allan Karker, kan lett bli tolka anakronistisk. Bevisstheita eller forestillinga om 'norsk' og 'dansk' var nok annleis på den tida enn i dag, og det fanst ingen vedtak om språkleg status.

Sandnes er nok òg anakronistisk med uttrykket «korrekt dansk» brukt om 1591 (s. 11), og «en fast norm for dansk» om Christian 3.s Bibel frå 1550 (s. 14).

Framstillinga er strengt kronologisk, og Sandnes har absolutt treft det vesentlege i den språkhistoriske hendingsgangen. Det svært korte formatet har ikkje vore enkelt. Eit dansk perspektiv som vi nordmenn ikkje så lett får med oss, er at nordmenn òg var med og utvikla den felles skrifttradisjonen (på fellesspråket dansk). Det er ikkje ein tradisjon i norsk samanheng å snakke om 'Holbergtida', men Sandnes får det med. Ho omtalar òg korleis både Hans Strøm og Hans von Aphelen var

norske naturforskarar som var med og reinsa dansk språk i siste halvdel av 1700-talet. (Den siste personen var ukjent for underskrivne og er ikkje til vanleg omtalt i norske språkhistorier.)

Jógvan i Lon Jacobsen har skrive bolk 18.2 om Færøyane. Han meiner at landet var tospråkleg allereie på 1500-talet, for folk måtte bruke «halvdansk» for å snakke med embetsmenn. På 1600-talet kjem den sterkaste danske maktbruken der sentraliseringa under København blir svært tydeleg på alle frontar, og den språklege påverknaden blir sterk.

På mange vis har den færøyske språkhistoria parallellar med den norske. Men ein gjengangar i den språkleg-nasjonale gjenreisinga er at dei ymse stadia er 'forseinka' på Færøyane. Norsk nasjonalromantikk kjem seinare enn den danske, men den færøyske høyrer heime først og fremst i andre halvdel av 1800-talet. Tilsvarende er det med den politiske og språklege sjølvstendekampen. Skolevesenet (altså det danske) blir ikkje organisert før i 1845, og færøysken er lenge utestengt frå skolen. Ikkje før i 1938 blir færøysk likestilt med dansk som undervisningsspråk. Både personnamn og stadnamn var danske i kyrkjeboka og på kart; først i 1998 kom eit kart med berre færøyske namneformer.

Den skriftspråklege frigjeringskampen blei forløyst i 1888. Viktigaste seieren var sjølv sagt å få færøysk inn som skolespråk, men det fortel mykje at største avisa i landet, *Dimmalætting*, gjekk over til berre færøyske leiarartiklar så seint som i november 1997.

Jacobsen forklarar godt kva gøtudanskt er, og her er ein fin tekst som illustrerer dei språklege kontrastane (s. 33) til dansk og til færøysk. Ei gransking viser at gøtudanskt-talande i dag blir sett på som mindre tiltalande og mindre intelligente enn dei som snakkar «færø-dansk». Det siste er den dansken ein i dag lærer på skolen, og som har riksdansk uttale som forbilde. Den siste språkforma ser nå ut til å vinne meir fram som andrespråk, og gøtudanskt kan nok forsvinne.

Eg set pris på den vinklinga forfattaren har brukt med å framstille så mykje av den totale språkkulturen med sine motsetningar og antitesar der færøysk språk må kjempe om domene. Den vinklinga er ikkje så tydeleg i dei andre bolkane.

Auður Hauksdóttir fortel i bolk 18.3 om Island om korleis dansk begynte å ta over som språk i administrative dokument utover 1400-talet ved at kongemakta blei sentralisert til København, altså som ein sam-

tidig parallell til det som skjedde i Norge. Men utviklinga frå og med reformasjonen tok likevel ei anna hovudretning på Island enn i Norge og på Færøyane, for religiøse tekstar blei raskt oversett til islandsk. Det er nok heilt rett, som Auður Hauksdóttir framhevar, at skrifttradisjonen stod så mykje sterkare der. Island hadde jo ein stor litteratur i fleire sjangrar på morsmålet. Å nemne spesielt Bibel-oversettinga *Stjórn* frå midt på 1200-talet treffer ikkje heilt godt som eksempel, for det er ennå uavklart kor mykje av arbeidet som blei gjort i Norge, og kor mykje på Island. Men den grundige framsstillinga av omsettinga av Bibelen og av salmar til islandsk på 1500-talet får rettkommen plass saman med omtalen av eit eige islandsk trykkeri, for det viser ein ufatteleg og avgerande kulturell styrke som ikkje hadde sin make i Norge, som låg økonomisk heilt nede for teljing på den tida.

Men det danske språkpresset via administrasjonen var tydeleg òg på Island. Utover 1700-talet voks bruken av dansk, og danske kjøpmenn på Island om somrane skapte eit miljø for å bruke dansk muntleg. Bruksomfanget blei så stort at rektor Bjarni Jónsson foreslo i 1771 at ein skulle erstatte islandsk med dansk. Jacobsen fortel i den færøyske bolken at Jens Chr. Svaboe kom nesten samtidig med eit tilsvarende forslag om at færøyingane burde gå over til dansk språk. Vi kan i dag oppfatte slike forslag som kuriøse, men dei fortel nok kor langt rasjonalismen og tanken om effektivisering ved sentralisering var kommen på denne tida.

Reaksjonen kom rundt 1800, og interessa for å styrke og gjenvinne domene for islandsk blei viktig. Islendingar i København som møtte dansk nasjonalromantikk, blei viktige i dette arbeidet, og romantikken gav dei det ideologiske grunnlaget for innsatsen. Auður Hauksdóttir understrekar at den sterkt positive interessa for islandsk språk og litteratur som danske kulturpersonar utvikla, var politisk stimulerande for den islandske sjølvstendekampen.

Her låg òg kimen til kampen for politisk sjølvstyre, som forfattaren ikkje skriv mykje om. Men ho fortel grundig om posisjonen som dansk har hatt i skoleverket, og korleis den plassen i nyare tid er blitt fortrent av engelsk. Det er i dag slutt på både danske vekeblad og på dansk filmteksting. Etersom dansken skulle vere den nøkkelen islendingane har til Norden elles, er utviklinga sjølv sagt uheldig. Men forfattaren avslut-

tar med at Danmark framdeles er blant dei landa islendingar oppsøker mest f.eks. for å studere.

Denne bolken er ei svært klar og nøktern framstilling av hendingsgangen som gjeld dansk innpass på Island. Kan hende er harmoni-vinklinga litt dominerande. Mot avslutninga er det bilde frå da marinefartøyet Vædderen kom til Reykjavik 21.4.1971 og to viktige islandske handskrifter blei overlevert. Det var nok «en af de allerviktigste og mest positive milepæle i landenes fælles historie” (s. 59), men det var jo òg eit resultat av stridar.

Grønland er tema for bolk 18.4, skriven av Birgitte Jacobsen. Her er mykje nytt å lære for nordistar – i alle fall utafor Danmark. Den grønlandske situasjonen er svært forskjellig frå den vi har fått framstilt i bolkane framafor. Her er det den danske staten som hjelper fram morsmålet åt undersåttane. Misjonæren Hans Egede, som kom til Grønland i 1721, følgte misjonspraksisen frå samtida med å kristne grønlandingane på morsmålet deira. Og slik skapte misjonen i neste omgang òg eit grønlandsk skriftmål og gjorde folket lesedyktig. Kring midten av 1800-talet var befolkninga på Vest-Grønland både lese- og skrivefør på morsmålet, og grønlandsk var både undervisningsspråket og kyrkje-språket i landet. Ei grønlandsk avis begynte å komme ut i 1861.

Forfattaren fortel at dansk kom inn som fag i skolen frå 1925, og da etter ønske frå grønlandingane, som såg fordelene i at dei slik lettare kunne få tilgang til vidareutdanning. Men situasjonen snur seg lett, for etter krigen og til inn på 1960-talet flytta mange danskar oppover, og da kom dansk inn også som undervisningsspråk. Dansken fekk ein slik posisjon at mange grønlandingar lét barna gå i klassar med dansk undervisning, og dei la seg etter å bruke dansk som heimespråk. Dette var ei danifisering.

Her ser vi kor viktig det er kva språk ei samfunnsmodernisering skjer på. På 1970-talet kom frykta for at grønlandsk språk kunne vere trua; derfor fastsette heimestyreløva frå 1979 at grønlandsk skulle vere hovudspråket. I dag har 80 % av barna som begynner i skolen, grønlandsk som morsmål, og språket står trygt i samfunnet.

Danskane har vore lite interesserte i å lære seg grønlandsk, og Jacobsen fortel at dét har vore til frustrasjon. Dermed er det grønlandske samfunnet delt i to språksamfunn. Aviser er i stor grad tospråklege.

Heile 90 % av sendetida i radio var på grønlandsk i 2005, men berre 19 % i fjernsynet.

Forfattaren nemner mot slutten at det har stadig vore språkdebattar på Grønland. Det hadde vore interessant om denne bolken hadde gitt meir plass til den sida ved språksamfunnet. Nå ber teksten mest preg av nøktern faktaframlegging.

Desse fire første bolkane må vel kunne seiast å vere dei tematisk viktigaste i ei dansk språkhistorie, for dette gjeld store befolkningar som har måtta «spele» saman med dansk sia middelalderen. Reint «matematisk» kan ein seie at det her må vere mykje språkhistorie. Det undrar meg derfor at redaksjonen ikkje har gitt større plass av totalen til desse bolkane.

DANSK EKSPANSJON

Dei neste tre bolkane, 18.5–7, gjeld område der danskane har slått seg ned, England og Normandie i vikingtida, og Amerika på 1800- og 1900-talet. Gillian Fellows-Jensen tar for seg dei to første områda. Materialet for busetnaden i England er først og fremst bevarte stadnamn, personnamn i dokument og nokre runeinnskrifter. På grunnlag av dette materialet er det muleg å vise mønsteret for korleis danskane har slått seg ned i Danelagen og vidare. Ei uventa kjelde er at myntmeistrane åt kongen sette namnet sitt på myntane, og også der har danskane sett spor etter seg. Kor sterkt dei stod, kan ein ane av det faktumet at fleire høgståande geistlege i England var av dansk ætt kring år 1000.

Eit interessant spørsmål er kor lenge dei danske samfunna heldt oppe dansk. Fellows-Jensen seier s. 82 «i nogen tid». Ei innskrift på dansk-engelsk frå så seint som sirka 1100 på kyrkja i Carlisle viser siste språklege sporet, og seinare på 1100-talet er det berre dei skandinaviske runeteikna som er brukt – i engelskspråkleg tekst. I Nord-England blei det nok snakka dansk eller nordisk i mindre samfunn til inn på 1100-talet. Etersom dei første som busette seg i England, fekk tildelt jord i 876, levde dansken i to og eit halvt hundreår. Forfattaren meiner at «De første efterkommere af danskerne må dog hurtigt være blevet anglicerede» (s. 88), og det skjedde sjølv om det stadig kom meir påfyll av nye danskar.

Historia om dansk i Normandie (bolk 18.6) viser store likskapar med historia om dansk i England. Det begynte med vikingtokter på

slutten av 700-talet, og så fekk nordbuane tildelt jord frå frankarkongen i øvre Normandie noko etter 910. Dei utvida området sitt etter kvart slik at dei rådde over heile hertugdømmet i 1066. Ein del danskar slo seg òg ned ved utløpet av Seinen.

Fellows-Jensen begynner med spørsmålet om «det nationale tilhørsforhold» for vikingane og for kong Rollo (Gange-Rolv). Sjølv spørsmålet om slik identitet var truleg ikkje relevant den tida, for Norge som rike fanst knapt. Men forfattaren viser til at av dei 28 personnamna der forma kan skilje mellom opphav i Norge og i Danmark, var to norske og 26 danske. Dermed er det klart at denne bolken først og fremst er relevant i ei dansk språkhistorie.

Her òg tyder fleire ting på at danskane fort la av seg dansk språk, for det er ikkje merke etter at dei har forandra noko på uttalen av dei opphavlege keltiske namna, og dessutan fortel krønikeskrivaren Adémar de Chabannes i 1034 at vikingane tok imot den kristne trua og gav opp språket sitt. Dei to tinga støttar kvarandre. Men det finst opplysningar om faktisk bruk av dansk språk utover 900-talet.

Eg går ut ifrå at desse bolkane representerer det ein kan få ut av dei kjeldene som finst, og forfattaren sjølv står bak mykje av den spesialiserte grunnforskninga. Vi skulle gjerne visst korleis desse danske språksamfunna fungerte, kor mange dei utgjorde i forhold til andre folkegrupper osv. Men her teier nok kjeldene, så vi får gle oss over det som har vore muleg å avsløre om ein ekspansiv nordisk periode.

Det er historikarar som tolkar vikingtida og utflyttingane før år 1000 som uttrykk for at det blei for liten plass heime med den jordbruksteknologien som fanst. Stemmer det, så kan ein seie det er ein likskap med det som skjedde på 1800-talet da amerikafeberen spreidde seg. I neste bolken (18.7) skriv Jan Heegård Petersen, Karoline Kühl og Peter Bakker om «De nye hjem» i USA, Canada og Argentina, der danske utflyttarar fekk tildelt jord som dei dyrka opp.

Til USA gjekk utvandringa i hovudsak frå midten av 1800-talet til andre verdenskrigen. I åra 1820–2000 flytta mellom 400 000 og 450 000 danskar ut, og dei slo seg mest ned i Midtvesten, der dei utgjorde danske enklavar. Innvandarane kom under språkleg press i somme statar, f.eks. blei det i 1918–1919 ulovleg å snakke anna enn engelsk i offentlege rom i Iowa og Nebraska. På den andre sida blei Dansk Fol-

kesamfund oppretta for å utvikle danske koloniar, som skulle halde oppe dansk språk. Men det språkprosjektet lykkast dårleg. Det blei eit særpreg ved dansk-amerikanarane i USA at dansken forsvann allereie i andre generasjon. Forfattarane fortel frå ei språkgransking kva grammatiske trekk som forandra seg i dansken alt tidleg når innvandarane begynte å blande språka.

Enda lenger overlever dansken i Argentina og Canada. Til Argentina begynte danskar å utvandre rundt 1850. Flest, nemleg 18 000, reiste i åra 1890–1920. Typisk for den nye danske busetnaden der var at dei slo seg ned på pampasen, skapte tette danske samfunn, og danskane gifta seg med danskar. Mange av ungdommane fekk seg òg eit folkehøgskoleopphald i Danmark, så motivasjonen for å halde på det nedarva språket var tydeleg. Dansken blei brukt i alle samanhengar, og barna som sjølvstøtt lærte seg spansk på skolen, meistra to språk utan å blande dei. Her overlever dansk framdeles etter fire generasjonar, men etter 1970 har språket blitt mindre brukt.

Noko som løftar denne bolken, er den direkte og indirekte samanlikninga av dei tre landa som danskane slo seg ned i. Kontrastane ein ser, gir oss ei kjensle av at vi er på sporet etter ei forklaring.

Peter Bakker og Kristoffer Friis Bøegh skriv i bolk 18.8 om «Kolonierne». Første tropiske herredømmet kom allereie i 1620. Her er mykje nytt stoff, og variasjonen mellom koloniane er interessant.

For det danske språket blei ikkje kolonipolitikken nokon suksess. Det blei prøvd med kristendomsopplæring og anna skoleundervisning overfor dei innfødde, men ingen ting blei varig. Andre språk tok over som dominerande språk i desse koloniane, og dei blei dels administrert på andre språk, først og fremst engelsk, men òg tysk og nederlandsk, som stod sterkare i dei aktuelle områda. Språkkulturelt var dansk overherredømme altså utan merkande betydning, så koloniane var mest handelsmessige utpostar.

På Gullkysten fekk barn som danske menn hadde med afrikanske kvinner, undervisning på dansk. Det skal av den grunn ha vore ein del lokale personar som snakke «en form for dansk» utover 1700-talet (s. 124). Men effekten fall snart vekk pga. manglande undervisningsmaterieil.

På dei vestindiske øyane var det tre øyar under dansk flagg, og dansk var offisielt språk i delar av kolonitida. Men på desse øyane var det

eit konglomerat av forskjellige språk i bruk i muntleg kommunikasjon, f.eks. 25 ulike morsmål blant slavane i 1767. Viktigaste språket var nok nederlandskkreolsk, som tente som lingua franca. Det er illustrerende at mens danskane som makthavarar i 1691 utgjorde vel 30 % av befolkninga, var merka etter «herskarspråket» dansk berre 1,4 % av ordforrådet i nederlandskkreolsk.

På sin måte er dette ein fasinierende bolck, men det kan sjølv sagt diskuteras om det er ein viktig del av dansk språkhistorie. Eg trur kontrastane i det store bildet rettferdiggjjer plassen.

DANSKE TAP

Danmark tapte Skåne til Sverige ved Roskilde-freden i 1658, og da opplever dette området eit nasjonalitetsskifte. Det er tråden i bolck 18.9 om Skåne, som Ulf Teleman har skrive. Språkleg var skånsk ein del av eit kontinuum i dialektvariasjonen i Skandinavia. Også i tida som del av Danmark mangla Skåne f.eks. støt, postvokalisk *d* blei ikkje til frikativ *ð*, og skåningane hadde *-a* i endingar og 'det' som formelt subjekt i presenteringskonstruksjonar. At dobbel bestemming var på plass i skånsk allereie på 1500-talet, verkar rimeleg, for svensk og norsk hadde alt fått det (s. 139). Dialektologien har jo lært oss at riksgrensene i Norden ikkje har vore særleg hinder for spreiding av språkdrag.

Skåne er eit interessant historisk språkeksperiment ettersom den svenske statsmakta la så mykje vinn på å forsvenske det nyvunne landskapet. Det skriftspråkelege skiftet tok 50 år. Folket snakka nok som før, men opplevde nå kanskje at dei snakka svensk. Teleman meiner at Stockholm låg for langt unna til at dialekten der kunne ta over som «sprogligt pejlemærke» (s. 143).

Denne bolcken er prega av meir språkstrukturelle vurderingar enn andre bolckar. Akkurat her er det kanskje meir enn elles naturleg å nærme seg dialektologien. Alt er presist framlagt og grunnlagt, og Teleman diskuterer nokre problematiske dialektologiske påstandar. Det er tydeleg at forfattaren har lagt flid i å skrive enkelt. Det meistrar han.

Det andre tapte området er Sydslesvig (området frå Ejderen til den nåverande tysk-danske grensa). Det skriv Karen Margrethe Pedersen om. Bolck 18.10 viser at ein har god kjennskap til ekspansjon og «tilbaketrekning» av dansk i området.

Etter grev Gerhard frå Hostein blei hertug av Slesvig i 1326, blei tysk administrasjonsspråk og viktig kyrkjepspråk i tillegg til latin. Dessutan var det undervisningsspråk hos adelen. Tekstar blei omsett til tysk, og ein ser korleis det språket blir einerådande sør for Tønder og Aabenraa. Men som talemål forsvann dansk først rundt 1800 i sørdelen og sør-austdelen av Slesvig.

Etter den første slesvigske krigen 1848-1850 kom det ein språknasjonalisme i romantisk stil, og språkreskriptet i 1851 skulle sikre at dansk skolemål fekk betre plass, og at sambandet med kongeriket Danmark blei tydelegare. Dette gjorde at mange tysktalande interesserte seg for kontakten med Danmark, og dei valte dansk for barna ved konfirmasjonen. Dei var tyskspråklege dansksinna. Særleg er Flensborg eit interessant eksempel i dette, der det blei oppretta danskvennlege foreningar og aviser. Her ser ein kompleksiteten i språkstriden. Etter tapet av Slesvig i 1864 fall dette vekk.

Etter delinga av Slesvig etter 1920, dvs. etter Weimarforfatninga, fekk dansktalande rett på offentleg dansk skolegang, men det fekk ikkje tysktalande dansksinna. Frå 1998 er forholda blitt innordna den europeiske pakta om minoritetsspråk.

Bolken er lagt godt opp som historisk framstilling i epokar, og språkskifte er eit sentralt tema gjennom heile historia. Men ein kan sakne den teoretiske drøftinga av begrep og årsaker til språkskifte. For eksempel verkar prestisjebegrepet for lettvt brukt. Framstillinga blir meir ei historieforteljing enn ei utprøving av forklaringsmodellar, som kanskje materialet kunne ha invitert til.

DET OVERSTATLEGE

Det var interessant å lese bolk 18.11 om dansk i EU rett etter framstillinga om rettetten for dansk i Sydslesvig. Forfattar er Carol Henriksen, som er ein god kjennar av feltet. Alt var i si tid forlokkande med den sterke parallellspråklege politikken i EU i tråd med rådsforordninga av 1958 så lenge det var berre seks offisielle språk i unionen, som det blei da Danmark gjekk inn etter folkeavstemminga i 1972. Etter den tid har mangfaldet vakse til 24 språk (i 2019), og oversettingsvegane/språkkombinasjonane er blitt 552 samtidig som dokumentmengda har auka. I utgangspunktet skulle alle språka òg vere arbeidsspråk. I dag,

seier Henriksen, er ikkje dansk eit arbeidsspråk, det er berre eit offisielt språk og eit symbolspråk. Det har gått mot ein praksis der berre engelsk, tysk og fransk er arbeidsspråka. Det er berre viktige dokument, særleg juridiske, som i dag blir omsett til dansk.

EU er ein svært stor organisasjon, ein «byråkrat-tiger», og det er politisk interessant å sjå korleis praktiske argument nødvendigvis får ein plass i prinsippa ein må følgje, og det ideelle demokratiske prinsippet må vike. Forfattaren fortel at dei danske parlamentsmedlemmene og EU-representantane legg vekt på at det er symbolsk viktig å bruke morsmålet, men i praksis lyttar dei til engelske omsettingar – for mellom anna å øve seg sjølve i engelsk for å greie seg betre i diskusjonane i arbeidsgruppene. Alt illustrerer korleis dominans er konstant i konflikt med demokratiet. Her trengst ikkje begrepet prestisje for å forstå mekanismane. Det er kort og godt upraktisk å utgjere ein minoritet.

Henriksen gir ei god, konkret og svært leseverdige innføring i både det praktisk-politiske og i dei stilistiske problema som blir skapt i oversettingsmaskineriet. Ein må bli imponert over alt som er blitt utvikla av datamaskinelle språkverktøy for å utføre den uendeleg store oversettingsjobben.

Else Bojsen har skrive om Norden, dvs. bolk 18.12. Utgangspunktet er den historiske stormaktstida åt Danmark som gav dansken ein svært solid plass i Norden, og forfattaren beskriv korleis dansken har fått redusert denne statusen. Siste tiåra har islendingane i stor grad slutta å lese danske vekeblad, og prosentdelen islendingar på gata som svarar på dansk når dei blir spurt på dansk om vegen til Nordens hus, har falle frå 70 % i 1983 til 18 % i 2006 (ifølgje granskingar Ulla Börestam har gjort). Resten svarar på engelsk. I skoleverket har dansken gått frå å vere første fremmedspråket elevane skal lære, til å bli det andre.

Dette kan sjå trist ut for danskane, men det går i same retninga for norsk og svensk òg i møtet med islandsk. Dette er ein felles skjebne. Island har på denne måten snudd ryggen til Skandinavia.

Siste del av bolken refererer granskingar om nabospråksforståing i Norden. Rapporten frå 2005 (Delsing off.) viser at situasjonen ikkje er så god vi skulle ønske, og at dansk ligg dårleg an. Heldigvis avsluttar Bojsen litt optimistisk med at det er «heller ikke tvivl om at dansk – med en evt. tilpasning fra den dansktalende og efter en vis tilvænning

og tålmodighed fra begge samtaleparter – stadig er anvendeligt som kontakt- og meddelelsesmiddel mellem danskere og andre nordboer.»

Siste bolken er 18.13 og heiter «Udenlandske universiteter». Henrik Galberg Jacobsen er forfatar. Denne bolken kjem litt overraskande, for han gjeld opplæringa i dansk som andrespråk frå første gong slik undervisning blei sett i gang i 1781 i Kiel, og opp til vår tid. Første delen fortel om historikk og status for slik undervisning rundt om på universitet i verda. Det er ei imponerende liste, som viser den internasjonale interessa for dansk.

Som lesar skulle eg ønskt at dette stoffet hadde vore sett meir inn i ein drøftande samanheng. Jacobsen seier s. 192 ifrå om at grunnane for å opprette universitetsstudiar i dansk ligg utafor ramma for artikkelen. Det er synd, for nettopp det kunne ha vore eit interessant emne å få belyst.

KAPITEL 19: ANDRE SPROG I DANMARK

Dette er tittelen på kapittel 19 og siste delen av *Dansk i sampil*. Perspektivet blir snudd heilt om, vi ser etter korleis andre er hos oss. Spennvidda er stor, for bakgrunnen for at andre språk er komne til Danmark, er så ulik. Sjølv om danskane er romslege, er ikkje alle blitt tatt imot på same måten.

DEI STORE SPRÅKA

Latin er første fremmenspråket vi kjenner til i samfunna våre, og det er tema for første bolken i kapittel 19, som er skriven av Peter Zeeberg. Danmark hadde tidlegare kontakt med kontinentet enn resten av Skandinavia, og dermed kom kristendommen og latin før dit enn til oss andre i Norden.

Zeeberg viser korleis latin gjennomsyra samfunnet også etter at morsmålet kom i skriftleg bruk. Renessansen forsterka latintradisjonen, mens kyrkja tok i bruk morsmålet etter reformasjonen. Nå blir latinbruk «udtryk for en overlegen kultur og menneskelig indsigt, hvilket betyder at tilegnelsen af det klassiske sprog medfører en tilegnelse af en klassisk moral og tænke måde” (s. 203). Opp gjennom dei neste hundre-åra pregar nettopp dét språkkulturen, der latin til og med hadde sterk posisjon som talespråk, dels òg i kodeskifte med dansk.

Bolken gir ei svært innsiktsgivande framstilling, og den er nok gyldig for fleire samfunn enn det danske. For ein utafør dette faget er det ny innsikt at reformasjonen ikkje var noko tilbakeslag for latin. Det var mest sannsynleg ein standsmarkør i mannssamfunnet, og det skulle sikre at «ulærde» ikkje blei innvigd i ein del emne. Forfattaren brukar uttrykket «en latinsk boble i samfundet» (s. 219).

Denne bolken er svært lesverdig; Zeeberg gir oss grundig innsikt i ein langvarig tospråkskultur i Danmark.

Tjue prosent tysktalande i befolkninga i København i 1700! Vibeke Winge er forfattar til 19.2 om tysk og nederlandsk, som hadde god plass i det danske samfunnet i nesten like lang tid som latin. Tyskarane i hovudstaden var i hovudsak menneske i maktapparatet. Ikkje var dei fåe elles i landet heller. Dette må ha vore eit mykje større innslag enn f.eks. det danskane utgjorde i Norge. I Danmark blei det importerte tyske språksamfunnet skvisa ut att i tiåra rundt 1800 utan å ha skapt noko blandingspråk. Historia viser her likskapar og forskjellar som kunne ha vore interessante å ha kontrastert for å forstå kva vilkår som avgjorde utviklinga. Island og Føroyane høyrer òg med i dette nordiske språklaboratoriet.

Dette er ein spennande bolk, som viser den språkdramatiske historia som dansken har vore igjennom og komme seg levande frå. Men kanskje med varige merke, for motsetningane har vel først og fremst styrkt standardspråket riksdansk – og ikkje variasjonen?

Dei store språka ser ut til å vere presentert i ein slags kronologi som er relevant for Danmark. I den spennande bolken 19.3 presenterer Ulla Gjedde fransk. Frankrike spela ei rolle i to periodar, først som teologisk lærdomssenter for geistlege i høgmiddelalderen, og så frå midten av 1600-talet til nesten 1800 som stormakt i Europa. Forfattaren poengterer straks at den franske kongemakta såg strategisk på språket med det målet å sentralisere makta innalands og å styrke stråleglansen utalands. Men i motsetning til den rolla tysk hadde, var fransk eit overklassefenomen i Danmark (slik latin dels òg var). Fransk hadde nimbus som kulturspråk særleg i litteratur og på teater.

Men på 1900-talet kom tilbakegangen for fransk i alle skoleslag, og det står etter gymnasreforma i 2004 i ein trua situasjon i Danmark, meiner Gjedde. Ei poengtert oppsummering er at posisjonen for fransk

som fag har vore avhengig av styrken i motviljen mot Tyskland. Eit hjertesukk frå forfattaren ser vi til slutt i bolken der ho påstår at motviljen mot fransk botnar i aversjon mot ein hoffkultur som forsvann for over to hundre år sia.

Største fremmedspråket kom seint, men tungt. Niels Davidsen-Nielsen skriv i bolk 19.4 om engelsk. Ein interessant historisk observasjon her er at det språket blei lenge sett på som eit «kræmmersprog», og derfor hadde det ikkje nokon kulturell nimbus. Det fanst intellektuelle som hadde lengre studieopphald i England, f.eks. Holberg, men engelsk litteratur gjorde danskane seg kjent med helst gjennom tyske oversettingar.

Davidsen-Nielsen gir ei engasjerande og pedagogisk god framstilling der han brukar fleire sider på å vise og drøfte domenetapet overfor engelsk; det gjeld helst i næringsliv og academia. Ei interessant påminning er det at dansk samtidig har hatt ei domeneutviding ved at det aldri har vore høyrte og lese så mykje dansk i Brussel, Luxemburg og Strasbourg som nå. Det perspektivet er annleis enn det vi las om i artikkelen til Henriksen om EU. Kor viktig ein slik borteseier er, kan nok diskutertast og vurderast annleis.

Konklusjonen på artikkelen er at ferdigheiter i engelsk er i dag eit *must*. Det har nok Davidsen-Nielsen rett i. Men verken i denne bolken eller i andre bolkar blir det tatt opp til drøfting – ut frå f.eks. språkhistoriske erfaringar – korleis tospråklegheita ideelt skal kunne fungere utan at eine språket er trua. All språkdaude forutset tospråklegheit; dét kunne vore eitt av utgangspunkta for ei drøfting ein stad i eit bind om «samspel» mellom språk. Temaet ligg snublande nær, særleg i engelsk-bolken.

DEI «MINDRE» SPRÅKA

Vektinga av fremmedspråk må skje på grunnlag av påverknadsgraden på dansk eller Danmark. Derfor er spranget stort til neste bolk om russisk, som er eit verdensspråk, men som er lite i Danmark, sjølv om første dansk-russiske forbundstraktaten blei oppretta i 1493. Jens Nørgård-Sørensen skriv bolken 19.5 om russisk.

Fleire gonger kom det grupper av russarar flyttande eller flyktande, men dei blei aldri noka stor gruppering som kunne prege samfunn eller

språk. På denne bakgrunnen kom russiskundervisning ved universitetet uventa tidleg, allereie i 1859. Det blir ikkje forklart.

Bodil Wieth-Knudsen skriv om polsk i Danmark i bolk 19.6. Ho fortel at det alt tidleg kan ha vore slaviske busetnadar på Lolland, Falster og Møn. Ein del stadnamn tyder på det, men det finst ingen andre merke, så dei slaviske (vendiske) innvandrargrupperingane har nok blitt fullstendig assimilert.

Noko tilfeldig var det på same øyane òg polske sesongarbeidarar gjennom tiåra rundt 1900. Under andre verdenskrigen kom dessutan ein del polske flyktningar til landet. Dermed var ikkje polakkar noka ukjent folkegruppe i Danmark da EU opna for arbeidsinnvandring.

Dei mange polakkane har oppretta foreningar, som har som mål å dyrke polsk språk og polske skikkar. Særleg for denne gruppa har gudstjenester, dvs. katolske, vore viktige. Slike blei det betre organisering av etter andre verdenskrigen. Men trass i den sterke etniske markeringa som pregar den polske gruppa, har det ikkje vore til å unngå at andre- og tredjegerasjonsinnvandarane begynte å miste interessa for å lære seg polsk.

Dei to neste bolkaner fører oss inn i eit meir eksotisk språklandskap. Bolk 19.7 om romani, skrive av Peter Bakker, gir oss mykje nytt å lære. Romani er språket åt romane ('romaerne'), og det er eit indisk (og indo-europeisk) språk med mange dialektar, som segimellom har mykje av den grammatiske strukturen felles. Det er skilt frå 'para-romani', som er ein kombinasjon av romanior og ein dansk grammatikk og fonologi.

Dei første romane i Danmark kjenner ein til frå 1500-talet, og kong Christian 3. kom med ei forordning om å forvise dei. Etter den tid har dei hatt ein vanskeleg posisjon i landet. I 1740-åra var dei forsvunne eller assimilert, og denne ikkje-samanhengande historia har vore det danske juridiske argumentet mot å gi romani status som mindretals-språk sjølv etter press frå internasjonale organ. Men etter 1800 har det komme nye grupper, som forfattaren deler inn i fem innvandringsbølger. Desse innvandarane var formelt utestengt fram til 1953.

Posisjonen dette språket hadde og har, er svært spesiell, ettersom delar av romane ikkje er integrert i samfunnet. Derfor er det ikkje vanleg at ikkje-romar lærer dette språket.

Det har vore lite undervisning på romani, men noko har skjedd etter 2000, og eit par lærebøker er skrivne. I 2010 blei det undervist i romani ved Aarhus Universitet; både det og at same universitetet er med i romani-prosjekt kan tyde på større aksept av folk og språk.

Som lesar saknar eg nokre formuleringar kring romani som skriftspråk. Ettersom det er skrivne bøker på språket, blir eg litt nysgjerrig på korleis ein løyser normeringsspørsmålet.

Jiddisk har vore brukt som språk i Danmark sia 1640. Det fortel Morten Thing om i bolk 19.8. Det var Christian 4. som opna for denne jødeinnvandringa. Rundt 1800 var det 1830 jødar i Danmark. Først på 1800-talet blei det oppretta gute- og jenteskole for barn «af mosaisk Tro» (s. 286). Men gutane fekk undervisning i hebraisk, jentene i dansk. Jiddisk blei sett på som «en fordærvet hebraisk Dialect» (s. 286), som det står så seint som i Molbechs *Dansk Ordbog* frå 1833. Rettare er det å kalle det ein tysk dialekt med 10 % av ordforrådet importert frå hebraisk.

Jiddisk er ikkje eit normert skriftmål. Slik det blei brukt i Danmark, tok det opp ein del danske ord, som ofte blei skrivne etter uttalen som passa med jiddisk fonologi, som f.eks. ikkje har lyden ø.

Denne bolken manglar det større politiske perspektivet og seier ikkje noko om det var konflikhtar med det danske storsamfunnet. Men det gir ei velskriven innføring i ei språkverd som er nokså fremmend for mange av oss.

Bolk 19.9 skal vise korleis Danmark kjem i kontakt med andre nordiske språk. Forfattaren Else Bojsen begynner med å rydde opp i forholdet til norsk-begrepet. Ein norsk lesar vil nok vere einig i at Danmark og Norge på mange måtar er særleg sterkt samanknytt, og det kan komme av alle svenskekrigane vi førte saman, som forfattaren seier. Men at tapet av Norge i 1814 skulle føllast så sterkt i Danmark, trur eg ikkje vi nordmenn heilt fattar.

Eg undrar meg over påstanden om at norsk blei sett på som ein dansk dialekt «i flere hundrede år» (s. 296). Materialet frå den store spørjegran-kinga som kanselliet sette i gang i 1743, viser at det stemte for somme respondentar i Norge, men slettes ikkje for andre. Likevel er det viktigaste kanskje at begrepa språk og dialekt ikkje stod for det same hos folk på den tida som i dag. Derimot er det klart at visse kulturtiltak frå konge-

makta truleg hadde som sikte å samle alt under begrepet dansk; det gjeld både termen 'fellessproget' og dei store ordboksplanane kring 1800.

Per Langgård har skrivne bolken 19.11 om grønlandsk, og han understrekar at danskane visste lite og hadde lita bevisstheit om Grønland før grunnlovsendringa i 1953, da Grønland ikkje lenger var ein koloni, men ein integrert del av Danmark. Styresmaktene i København satsa da på ein daniseringspolitikk, men den fungerte ikkje. I staden kom det eit heimestyre frå 1979 og ei sjølvstyrelov som slår fast at grønlandsk er det samfunnsberande språket på Grønland.

Etter krigen blei det sendt stadig fleire grønlendingar til Danmark for at dei skulle få utdanning. I 1971 oppheldt det seg sirka 3500 grønlandske barn under 14 år i Danmark. I 2008 var mellom 7000 og 9000 grønlendingar i alt i Danmark av ymse grunnar, ikkje minst utdanning.

Mykje i denne bolken gjeld grønlandsk og språksituasjonen på Grønland, og dermed kunne stoffet like godt ha høyrte til i Grønlands-bolken i kapittel 18. Dette redaksjonelle uhellet forstyrrar litt for fellesperspektivet i kapittelet om «Andre sprog i Danmark».

Ein viktig del av samfunna våre består i dag av innvandrarak med eit anna morsmål. Også dei nordiske landa har brått fått eit språkmangfald. Jakob Steensig har fått oppgava å skrivne om situasjonen i Danmark, der historia begynner med gjestearbeidarane frå Jugoslavia, Tyrkia, Pakistan og Marokko på slutten av 1960-talet. I dag er det vel 144 000 innbyggjarar i Danmark med bakgrunn i desse landa. I tillegg har det etter 1970 komme ei mengd flyktningegrupper frå mange krigs- og kriseramla land verda rundt.

Språka åt desse innvandrarane har ingen formell status og dermed ikkje slike rettar som offisielle mindretalsspråk har. Likevel hjelpte staten og seinare kommunane til med å gi undervisning på dei ymse morsmåla. Men det tok slutt i 2002, da retten til slik undervisning blei avskaffa for innvandrarar som ikkje kom frå EU-/EØS-området. Det som finst av slikt nå, er oftast organisert privat, og særleg er det muslimane som har etablert friskolar for barna sine.

Det språkpolitiske spørsmålet blir ikkje drøfta, og heller ikkje blir diskusjonane som må ha foregått kring denne politikken, tatt opp i denne bolken. Her blir fakta berre slått fast.

Resten av denne artikkelen er ei katalogoppføring av relevante data

om dei store innvandrarspråka. Opplysningane gjeld først og fremst språk, talargrunnlag, opphavsland og innvandrantal. 'Samspillet' saman med dansk blir lite drøfta.

TEGNSPRÅK

Siste bolken (19.12) i dette kapittelet gjeld dansk tegnspråk, og Elisabeth Engberg-Pedersen har skrivne instruktivt om språket og dei siste par hundreåra av historia. I 2014 godkjente Folketinget i lovs form dansk tegnspråk som eit eige språk i Danmark ved at eit Dansk Tegnsprogråd blei oppretta som del av Dansk Sprognævn. Det var sluttsteinen for undertrykkinga av morsmålet å døve danskar gjennom lang tid. I vår tid utgjer dei døve sirka 3000. Skolesystemet hadde vore igjennom fleire fasar der hovudmålet hadde vore å gjere dei døve til talande, og undervisninga brukte ei tid tegnspråket som hjelpemiddel, andre tider var det språket ignorert.

Denne historia har parallellar i både utviklingsgang og kronologi i andre nordiske land. Behandlinga av døve kom mykje av at samfunnet ikkje forstod heilt kva dette tegnspråket var for noko. Eit dansk særsyn er faktisk at legen Peter Atke Castberg forstod verdien av det etter ein studietur i Europa i 1803–1805: «Tegnsproget er Forstandens eget Foster, hint er døde Former, dette er levende Maleri.» (S. 329.) Med «hint» siktar han til fingerspråket, altså fingertegna som skal svare til bokstavane i dansk skriftspråk.

Men etter Castberg blei altså idealet for skolen i Danmark òg å lære dei døve til å kommunisere utan tegnspråk og ein periode også utan å bruke det som pedagogisk hjelpemiddel. På 1980-talet kjem ei oppmjuking, og døve lærarar blei tilsett på døveskolane. I 1991 kom ei undervisningsrettleiing som aksepterte dansk tegnspråk som eige og fullverdig språk.

Engberg-Pedersen fortel nøkternt om denne to hundreårige historia frå Castberg til nå. Framstillinga er svært klar, og ho er svært instruktiv om tegnspråket som fenomen.

SISTE ORD

Som norsk lesar legg eg merke til at verket har både ein norsk og ein svensk forfattar. Deira bolkar er òg på dansk. Dermed får ikkje danske

lesarar høve til å lese eit nabospråk. Det er neppe i godt samsvar med ånda i dei nordiske bolkane i bindet.

Redaksjonen har gjort heilt rett i å vie eine bindet av språkhistorieverket til perspektivet 'samspel med andre språk'. Sjølv om forfattarane er som hestar i ulikt tempo slik at bolkane er ujamne med tanke på problematiseringar, drøftingar og forskingsunderlag, er her gjort grundig arbeid, og lesarane kan bli overraska over mykje heilt nytt stoff som ikkje har komme mellom to permar før.

Nå tidleg i det nye tusenåret ser det ut til at alle dei nordiske språka får sine isolerte nasjonale språkhistorier med vitenskaplege ambisjonar skrivne på nytt eller for første gong. Denne sjangeren 'nasjonal språkhistorie' er både nyttig i faget og viktig i språkkulturen. Men kan hende er tida inne for å bryte tradisjonen med å tvihalde på eit snevert perspektiv avgrensa til eitt språk. Tida er kommen for å vidareutvikle sjangeren med å gå over til meir komparative studiar på tvers av nasjonane. Da vil vi lett sjå kva som er likt og forskjellig i ulike land, og dét er nettopp grunnlaget for å utvikle ny innsikt. Dette bindet av *Dansk Sproghistorie* eignar seg godt i ein større nordisk komparasjon.

Helge Sandøy
Professor emeritus i nordisk språkvitskap
Universitetet i Bergen
Helge.Sandoy@uib.no